

NNHs

**retningslinjer
for utdanning i
soneterapi**



©Norske Naturterapeuters Hovedorganisasjon

Innhaldsregister

Forord	3
Innleiing	4
1. Naturterapeutisk allmennutdanning	5
Målsetjing	5
1.1. Generelle fag/VEKS-fag – jfr. NNHs Utdanningsdokument	5
1.2. Naturmedisinsk grunnutdanning – jfr. NNHs Utdanningsdokument	5
1.3. Naturvitskaplege fag – grunnmedisin – jfr. NNHs Utdanningsdokument	5
2. Hovudmål	5
2.1. Kunnskapsmål	6
2.2. Ferdigheitsmål	6
2.3. Generell kompetanse	
3. Fag/emneoversikt	6
3.1. Historie	7
3.2. Teoriar om verknadsmekanismar/forklaringsmodellar	7
3.3. Kontraindikasjonar/varsemd i behandlinga	8
3.4. Kroppssystem og anatomi - plassering ved ulike sonesystem	8
3.5. Kunnskapstilfang frå andre relevante terapiar	9
3.6. Klinisk praksis	10
3.7. Dokumentasjon og forskning	11
3.8. Studieomfang	12
4. Kurskontekst og struktur	12
4.1. Lærarkvalifikasjonar	12
4.2. Læringsstrategiar og undervisningsmetodar	12
4.3. Eksamen/prøver	12
4.4. Sensorarbeid, vitnemål og karakterskala	12
4.5. Nasjonale kunnskapsmålingar	13
4.6. Presentasjon av eit studie	13
4.7. Praksisordningar	13
4.8. Fordjupingsoppgåve	13
4.9. Opptakskrav og realkompetanse	13
4.10. Fagleg oppdatering/vidareutdanning	13
4.11. Lokalitetar	13
4.12. Skulestruktur og studentrepresentasjon	13
5. Tillegg	13
5.1. Overgangsordningar	13
5.2. Tittelbruk	13
5.3. Visjonar og mål	13
5.4. Godkjenning av utanlandske utdanningar	13
5.5. Individuell godkjenning	13
5.6. Vedlegg Generelle fag/VEKS-fag	14
5.7. Bibliografi	15

Forord

Fagretningslinjene er utarbeida med utgangspunkt i Norske Naturterapeuters Hovedorganisasjons Utdanningsdokument og kvalitetssikringsprogram, og fagidentitetsdefinisjonen til Nordic Reflexology Network (NRN).

Læringsutbytteformuleringane er gjort med grunnlag i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR). Dokumentet er såleis ei tilpassing i forhold til det som er krav innan fagskuler og høgare utdanning.

NNH vonar at dokumentet skal føra til eit større medvit når det gjeld fagidentitet og vera med på å auke kompetansenivå og profesjonalisering. Fagretningslinjene i soneterapi dannar grunnlag for vurdering når det gjeld søknad om godkjenning av studieplanar i dette faget.

NNH har valt å laga separate fagretningslinjer i soneterapi og refleksologi, sjølv om desse to fagfelta har mykje samanfallande historie og faglege referansepunkt. Årsaka er ulike forklaringsmodellar og praktisk bruk av kroppsprosjeksjonar som vanskeleg lar seg foreinast i eit felles dokument.

August 2014
John Petter Lindeland
Leiar NNH

Sentralstyret i NNH har i sak nr. 27/14 godkjent NNHs retningslinjer for utdanning i soneterapi.

John Petter Lindeland (sign.)
Leiar NNH

Sigrun Kirkeberg (sign.)
Gen.sekr.

Innleiing

Dette dokumentet tek utgangspunkt i den fagidentitetsdefinisjonen som Nordic Reflexology Network (NRN) har skapt konsensus om. Her eit utdrag:

Historia

Zonterapin har varit en del av folkmedisinen i mange ulike kulturer sedan urminnes tider. Återupptäckten av zonterapin/reflexologin gjordes av den amerikanske öron-näsa-hals-läkaren William Fitzgerald i början av 1900-talet och beskrevs för läkarvetenskapen år 1913. Fitzgerald erfor, att tryck på vissa punkter på kroppen kunde förbättra kroppsfunktionene. Fitzgerald arbetade tillsammans med Dr. Joe Shelby Riley – en av 1920-talets mest kända zonterapeuter i USA. Riley och Fitzgerald inledde samarbete med massören Eunice Ingham – ett samarbete där man fokuserade sig på fötternas reflexområden.

De kartlade tillsammans zonområden för en stor del av kroppen och det är i stort sett efter deras principer, som nordiska zonterapeuter/reflexologer arbetar i dag.

Människosyn

Zonterapi/reflexologi bygger på tillit och respekt för den enskilda människan. Man arbetar huvudsakligen utifrån teorin, att människan betraktas som en helhet, fysiskt, psykiskt, socialt och andligt. Vår teori är, att människans organism är uttryck för synliga såväl som osynliga energisystem i kraft av till exempel nervsystem, körtlar, energiflöde.

Definition av soneterapi/reflexologi

Zonterapin/reflexologin bygger på omfattande empirisk kunskap, där det kliniska arbetet visar att metoden har terapeutisk verkan.

Zonterapi/reflexologi är en behandlingsform där man utför tryck på till exempel fötter, underben, händer, ansikte, öron. I den enskilda delen avspeglas helheten, vilket vill säga, att kroppens tillstånd antas avspeglas i zonerna. Detta befrämjar tillfriskningsprocessen, där målet är att stärka människans självläkande krafter.

Zonterapi/reflexologi är ett redskap för att upprätta balans i kropp och själ genom påverkan av zonerna. Vid den zonteraapeutiska/reflexologiska konsultationen sätts en kedjereaktion i gång, varvid bland annat kretsloppet stärks och den enskilda cellen får bättre levnadsvillkor. På så sätt fungerar människan bättre som en helhet.

Norske Naturterapeuters Hovedorganisasjon har gjennom si deltaking i nemnde samanslutning, gjeve si tilslutning til denne fagidentitetsdefinisjonen.

1. Naturterapeutisk allmennutdanning

Innleiing

Naturmedisinsk allmennutdanning omhandlar Generelle fag/VEKS-fag, Naturmedisinsk grunnutdanning og Naturvitskaplege fag/grunnmedisin. Dette er fag alle godkjende NNH terapeutar skal ha uavhengig av kva terapifag dei vel å spesialisera seg i.

Undervisningsinstitusjonar som ikkje inkorporerer faga som er nemnt under Naturterapeutisk allmennutdanning i sitt studie, har plikt til å informera studentane om at dette er gjeldane krav til terapeutmedlemskap i NNH. Dei pliktar også å hjelpa studentane med informasjon kvar dei eventuelt kan ta desse faga.

Generell målsetjing

Jfr. NNHs Utdanningsdokument:

- Utvikle terapeuter som har en forståelse for hovedprinsippene innen naturmedisinen.
- Forståelse av hva en kur som leder fram til bedre helse er.
- Forståelse av forebygging av helse med utgangspunkt i den naturmedisinske tradisjonen.
- Forståelse av forskjellen mellom naturmedisinsk tenkning og det som synliggjør seg i den etablerte medisinen.
- Utvikle en kritisk tenkning til både seg selv, sitt eget fag, etablerte sannheter og nyere forskning/kunnskap.
- Lære om styrker og begrensninger ved ulike terapiformer.
- Lære om sin egen begrensning.
- Skape grunnlag for en fruktbar kommunikasjon med andre fagprofesjoner innen det etablerte helsevesenet og naturmedisinen.
- Utdanne terapeuter med en høy etisk standard.

1.1. Generelle fag/VEKS-fag – jfr. NNHs Utdanningsdokument

Ingen tillegg til NNHs Utdanningsdokument kapittel I punkt b.

1.2. Naturmedisinsk grunnutdanning – jfr. NNHs Utdanningsdokument

Ingen tillegg til NNHs Utdanningsdokument kapittel I punkt c.

1.3. Naturvitskaplege fag – grunnmedisin

Tillegg til NNHs Utdanningsdokument kapittel I punkt d:

Anatomispesialisering innan aktuelle sonerystem.

2. Hovudmål

Etter fullført utdanning skal studenten kunna arbeida som soneterapeut, og driva ein naturmedisinsk praksis på ein forsvarleg måte.

2.1. Kunnskapsmål

Etter fullført utdanning skal studenten kunna:

- Gjera greie for teori og behandlingsstrategi som ligg til grunn for soneterapi.
- Kommunisera til sine pasientar kva vedkomande kan forventast av behandlinga.
- Vita, eller innhenta informasjon om eventuelle interaksjonar mellom legemiddel og behandling.
- Ha oversikt over helsevesenet si oppbygging og oppgåver, samt kjennskap til dei lover og forskrifter som regulerer ein naturterapeut si verksemd.
- Vera i stand til å ha god kommunikasjon og samhandling mellom naturmedisin og etablert medisin. Utvikla evna til å innsjå si eiga kompetansgrense og senda pasientar vidare til meir adekvat behandling på ein etisk forsvarleg måte.
- Vera oppteken av forskning og utviklingsarbeid, og skapa eit medvit om verdien av dokumentasjon og systematisk evalueringsarbeid.

2.2. Ferdigheitsmål

Etter fullført utdanning skal studenten ha tileigna seg ferdigheiter i:

- Å vera i stand til å oppta ein anamnese/journalføring – jfr. Lov om helsepersonell kap. 8 Dokumentasjonsplikt, stilla ein diagnose med utgangspunkt i faget sine forklaringsmodellar, velja behandlingsstrategi og gjennomføra ei forsvarleg behandling.
- Ha innarbeida gode arbeidsteknikkar som tek omsyn til både pasient og terapeut.
- Å kunne evaluera eigne ferdigheiter som terapeut.

2.3. Generell kompetanse

Etter fullført utdanning skal studenten:

- Vera fagleg kvalifisert til å ta på seg ansvaret som fylgjer med det å vera naturterapeut.
- Kunne utvisa ein etisk, akseptabel haldning i utøvinga av yrket som byggjer på respekt og likeverd.
- Kunne vera både kritisk og konstruktiv i samband med det å integrera soneterapi med andre behandlingsmetodar.

3. Fag/emneoversikt

Innleiing

Innan dei fleste fag, vil det som regel vera ulike retningar utover det som kan nemnast som felles fagidentitet. Slik er det også innan soneterapi. Ulikskapen kan vera knytta til punktplassering, bruk av ulike sonesystem, arbeidsteknikkar/reiskap, forklaringsmodellar, behandlingsstrategiar osv. I staden for å sjå på dette som problematisk og konfliktfylt, er det heller grunn til å vurdera dette som ein rikdom. I utgangspunktet er ingen menneske like, og difor vil behovet for individualisering av eit fag alltid vera tilstades. Desse fagretningslinjene har dette som utgangspunkt, men er samstundes oppteken av at alle uteksaminerte studentar skal ha ein felles utdanningsplattform både i basisfaga som nemnt under kap. 1 og i sjølve faget nemnt under kap. 3.

Fagretningslinjene er også utgangspunkt for utarbeiding av studieplanar for dei ulike utdanningsinstitusjonane. Kravet til individualisering av studieplanar er ivareteken ved at fagemna i kap. 3 ikkje er gradert i forhold til omfang, men skal likevel vera

med som ein del av basisutdanninga. Dersom studieplanen omfattar fleire sonesystem, må innlæringa i dei einskilde systema vera av eit slik omfang at dei ivaretek pasienttryggleiken.

NNH ynskjer med desse fagretningslinjene å setja ein standard for yrkesretta studie innan soneterapi. Å ha sjølvstendig behandlaransvar inneber eit stort ansvar både av fagleg og etisk karakter. Pasientar skal kjenna seg trygge når dei innleiar eit terapeutforhold med kandidatar som er utdanna etter denne standarden.

3.1. Historie

Kunnskapsmål

Etter fullført utdanning skal studenten kunna:

- Gjera greie for soneterapien sin historie både globalt og nasjonalt. Visa til utviklingstrekk relatert til ulike kulturar og gjennom arbeidet til pionerane i faget.

Studieområde:

- Soneterapi brukt i eldre kulturar
- Soneterapi i Noreg og internasjonalt
- Oversikt over ulike retningar/system
- Internasjonale organisasjonar
- Pionerar innan soneterapi:
 - William Fitzgerald
 - Joe S. Riley
 - Eunice Ingham
 - Hanne Marquardt
 - Charles Ersdal
 - Yingqing Zhang
 - Nogier
 - Henrik Hellberg
 - Andre (som omhandlar iris, nase, negl, øyre osv.)

3.2. Teoriar om ulike verknadsmekanismar/forklaringsmodellar

Kunnskapsmål

Etter fullført utdanning skal studenten kunna:

- Gjera greie for fleire teoriar når det gjeld verknadsmekanismar og forklaringsmodellar relatert til soneterapien.

Ferdigheitsmål

Etter fullført utdanning skal studenten ha tileigna seg ferdigheiter i:

- Gjera bruk av forklaringsmodellane som nyttige reiskap i diagnose og behandlingsstrategi.
- Kunne systematisera eigne erfaringar som grunnlag for utvikling av eksisterande forklaringsmodellar og nye.

Studieområde:

- Biomedisinsk forklaringsmodell – jfr. kap. 1.3. Naturvitskaplege fag/grunnmedisin
- Det holografiske prinsipp/ECIWO-biologi

- 3-dimensjonal soneterapisystem
- Meridiansystemet
- Sonene sine anatomiske plasseringar – jfr. 3.4.
- Andre

3.3. Kontraindikasjonar/ varsemnd i behandlinga

Kunnskapsmål

Etter fullført utdanning skal studenten kunna:

- Gjera greie for forhold og sjukdomstilstandar som krev spesiell varsemnd, avvising av pasientar eller senda dei vidare til meir adekvat behandling.
- Vita, eller innhenta informasjon om eventuelle interaksjonar mellom legemiddel og behandling.

Ferdigheitsmål

Etter fullført utdanning skal studenten ha tileigna seg ferdigheiter i:

- God observasjonsevne, tolking av behandlingsreaksjonar og journalføring ved slike tilstandar.
- Vidare skal ein vita korleis ein samhandlar med det etablerte helsevesenet i slike tilfelle og korleis dette kan formaliserast eller avtalast. Jfr. pkt. 3.6. og utdanning innan VEKS-fag.

Studieområde:

- Varsemd ved ulike forhold/sjukdomstilstandar
 - Ødem/venøse stuvingar
 - Anatomiske deformasjonar
 - Sår
 - Diabetes
 - Hjerte/karlidningar
 - Psykiatriske tilstandar
 - Implantat
 - Graviditet
 - Andre alvorlege tilstandar.
- Medisinbruk og interaksjonar med soneterapi

3.4. Kroppssystem og anatomi - plassering i ulike sonesystem

Kunnskapsmål

Etter fullført utdanning skal studenten kunna:

- Gjera greie for soneområdet anatomi/nomenklatur og punkt-plassering av alle relevante kroppsstrukturar/system i forhold til desse – jfr. 3.2.
- Vita om samanhengen mellom dei ulike kroppssystema ut i frå både ein naturmedisinsk og ein etablert medisinsk vinkling.
- Gjera greie for ulike sonesystem som blir nytta i dag, forstå eventuelle skilnader, samspel og korleis utnytta dette i ein terapeutisk situasjon.

Ferdigheitsmål

Etter fullført utdanning skal studenten ha tileigna seg ferdigheiter i:

- Kunne utnyttta kunnskapen om dei ulike sonesystema og utnyttta dette i ein terapeutisk samanheng.
- Kunne velja sonesystem ved ulike tilstandar eller kombinera fleire system.

Studieområde:

- Soneområdets anatomi og nomenklatur
- Kroppssystem og anatomi/soneplassering
 - Muskel/skjelett/ledd
 - Sirkulasjon
 - Lymfe
 - Lunge/respirasjon
 - Fordøyelse/indre organ
 - Nerver
 - Spesielle sansar: auga, øyra, nase
 - Endokrine kjertlar
 - Nyre/urin
 - Forplantning
 - Immunorgan
 - Akuttsoner/punkt
 - Sone/punkt med relasjon til emosjonelle/mentale/psykiske tilstandar
- Læra om samanhengen mellom kroppssystema både i ein normal og patofysiologisk kontekst.
- Aktuelle sonesystem
 - Foten
 - Hender
 - Øyre
 - Ansikt
 - Tenner
 - Iris
 - Rygg
 - Andre kroppsområde
- Læra om samspelet mellom sonesystema og korleis utnyttta dette optimalt i ein terapeutisk situasjon – jfr. pkt. 2.6. Klinisk praksis.
- Samanlikning av dei ulike sonene/sonesystema.
- Val av sonesystem ved ulike tilstandar - jfr. pkt. 2.6. Klinisk praksis.

3.5. Kunnskapstilfang frå andre relevante terapiar

Kunnskapsmål

Etter fullført utdanning skal studenten kunna:

- Gjera greie for relevante terapiar både når det gjeld forklaringsmodellar og diagnostikk og forklara korleis dette kan vera med på å utvida kunnskapsgrunnlaget innan soneterapi.

Ferdigheitsmål

Etter fullført utdanning skal studenten ha tileigna seg ferdigheiter i:

- Vurdera om pasienten treng andre terapiformer som tillegg til soneterapi eller i kombinasjon.
- Utnytta anna kunnskap/forklaringsmodellar i diagnostisk og pedagogisk samanheng.

Studieområde:

- TCM
- Kiropraktikk
- Osteopati
- Kinesiologi
- Kraniosakral-terapi
- Refleksologi
- Andre

3.6. Klinisk praksis

Kunnskaps og ferdigheitsmål

- Studenten skal visa at vedkomande kan utøva faget på ein fagleg og etisk forsvarleg måte, læra gunstige og effektive arbeidsteknikkar, stilla ein naturmedisinsk diagnose og velja behandlingsstrategi.
- Kunna starta og driva ein naturmedisinsk praksis i forhold til relevant lovverk, marknadsføringstiltak og økonomiske vurderingar.

Studieområde:

- Profesjonell framferd – jfr. NNHs Utdanningsdokument kap. 1 pkt. b Generelle fag/VEKS-fag
 - Visa respekt
 - Kommunikasjon og dialog
 - Empati
 - Profesjonell relasjonskompetanse
- Journalføring/anamnese/personvern
- Inspeksjon av soner og kroppshaldningar
- Korleis ta vare på seg sjølv som terapeut
- Arbeidsteknikkar
 - Arbeidstilling
 - Utstyr/reiskap
 - Ulike trykk/massasjeteknikkar
 - Arbeidsteknikkar ved kroniske og akutte tilstandar
- Behandlingstid og intensitet
- Oppløving av smerte – trykkintensitet.
- Diagnostisk arbeid – syntese av kliniske funn/smertepunkt og symptomatologi.
- Behandlingsstrategiar
- Behandling av akutte plager
- Behandlingsreaksjonar
- Oppstart og drift av praksis – jfr. NNHs Utdanningsdokument kap. 1 pkt. b Generelle fag/VEKS-fag

- Marknadsføring
- Rekneskap og økonomi
- Utstørsbehov – lokalitet
- Organisasjonskunnskap

Klinisk praksis under rettleiing

Klinisk praksis under rettleiing skal skje med kompetent undervisningspersonell til stades enten i skulen sine egne lokale eller ute i anna praksis som skulen godkjenner. Jfr. Kap. 2.8. Studieomfang.

Ekstern praksis

Ekstern praksis er eigendokumenterte pasientbehandlingar. Skulen skal evaluera og godkjenna innsendt dokumentasjon. Jfr. Kap. 2.8. Studieomfang. Viser i denne samanhengen også til NNHs Utdanningsdokument kap. 3 pkt. g – Praksisordningar.

3.7. Dokumentasjon og forskning

Kunnskapsmål

Etter fullført utdanning skal studenten kunna:

- Gjera greie for kunnskapsbasar, relevante forskingsinstitusjonar og forskingsstudie om soneterapi.
- Gjera greie for generelle vitenskaplege metodar/design.

Ferdigheitsmål

Etter fullført utdanning skal studenten ha tileigna seg ferdigheiter i:

- Vita korleis det er mogleg å dokumentera og registrera resultat i eigen praksis.
- Evaluering av eigen praksis.
- Samhandling med profesjonelle aktørar innan forskning og andre terapeutar.
- Kunne lesa forskingsartiklar med fokus på kjeldekritikk, pålitelegheit og relevans.
- Skriving av egne fagartiklar.

Studieområde:

- Oversikt når det gjeld kunnskapsbasar og relevante forskingsinstitusjonar
- Forskingsstudie om soneterapi
- Innsikt i korleis dokumentera og registrera resultat i eigen praksis
- Lesing av forskingsartiklar med fokus på kjeldekritikk, pålitelegheit og relevans
- Læra og skriva egne fagartiklar

Denne emnebolken skal komplettera det som blir undervist i NNHs Utdanningsdokument kap. 1 pkt. b Generelle fag/VEKS-fag.

3.8. Studieomfang

Fagemne	Undervisningstimar
Generelle fag/VEKS-fag	50 timar
Naturmedisinsk grunnutdanning	110 timar
Naturvitenskaplege fag/grunnmedisin	300 timar ¹⁾
Soneterapi	150 timar
Klinisk praksis under rettleiing	100 timar
Totalt undervisningstimar	710 timar
Ekstern praksis	100 timar
Fordjupningsoppgåve	50 timar
Eigenstudietimar 710 x 1,1	781 timar
Totalt studieomfang	1641 timar

¹⁾ Eller tilsvarende 30 studiepoeng i høgskulesystemet

Studielengde

Ved bruk av andre pedagogiske metodar enn lærarstyrt undervisning, kan det gjerast unntak for nemnde timetal. I studieplanar må det i tilfelle gjevast ei utførleg forklaring korleis dette er tenkt gjennomført.

Omfanget av eigenstudietimar er vurdert ut i frå at dei fleste naturmedisinske utdanningar er deltidsstudie og må eigenfinansierast. Dette betyr for dei fleste studentar at fulltids- eller deltidsarbeid skjer ved sida av studia.

Det er høve til å justera eigentimestudiefaktoren, men ein faktor over 2 er urealistisk i forhold til det som er nemnt ovanfor.

Med ein studieprogresjon på 50%, tilseier det totale studieomfanget ein utdanningslengde på om lag 3 år deltid eller 2 år fulltid for å oppnå mogne, trygge og kompetente kandidatar.

4. Kurskontekst og struktur

4.1. Lærerkvalifikasjonar

Ingen tillegg til NNHs Utdanningsdokument kap. 3 pkt. a

4.2. Læringsstrategiar og undervisningsmetodar

Ingen tillegg til NNHs Utdanningsdokument kap. 3 pkt. b

4.3. Eksamen/prøver

Ingen tillegg til NNHs Utdanningsdokument kap. 3 pkt. c

4.4. Sensorarbeid, vitnemål og karakterskala

Ingen tillegg til NNHs Utdanningsdokument kap. 3 pkt. d

4.5. Nasjonale kunnskapsmålinger

Ingen tillegg til NNHs Utdanningsdokument kap. 3 pkt. e

4.6. Presentasjon av eit studie

Ingen tillegg til NNHs Utdanningsdokument kap. 3 pkt. f

4.7. Praksisordningar

Ingen tillegg til NNHs Utdanningsdokument kap. 3 pkt. g

4.8. Fordjupningsoppgåve

Ingen tillegg til NNHs Utdanningsdokument kap. 3 pkt. h

4.9. Opptakskrav og realkompetanse

Ingen tillegg til NNHs Utdanningsdokument kap. 3 pkt. i

4.10. Fagleg oppdatering/Vidareutdanning

Ingen tillegg til NNHs Utdanningsdokument kap. 3 pkt. j

4.11. Lokalitetar

Ingen tillegg til NNHs Utdanningsdokument kap. 3 pkt. k

4.12. Skolestruktur og studentrepresentasjon

Ingen tillegg til NNHs Utdanningsdokument kap. 3 pkt. l

5. Tillegg

5.1. Overgangsordningar

Ingen tillegg til NNHs Utdanningsdokument kap. 4 pkt. a

5.2. Tittelbruk

Ingen tillegg til NNHs Utdanningsdokument kap. 4 pkt.

5.3. Visjonar og mål

Ingen tillegg til NNHs Utdanningsdokument kap. 4 pkt. c

5.4. Godkjenning av utenlandske utdanningar

Ingen tillegg til NNHs Utdanningsdokument kap. 4 pkt. d

5.5. Individuell godkjenning

Ingen tillegg til NNHs Utdanningsdokument kap. 4 pkt. e

5.6. Vedlegg Generelle fag/VEKS-fag

Ingen tillegg til NNHs Utdanningsdokument kap. 4 pkt. f

5.7. Bibliografi

Eunice D. Ingham	Zoneterapi – hva fødderne kan fortelle – 1 og 2.	Strubes forlag	ISBN 87 7508 134 2
Vibeke Slot-Henriksen	Helbred og zoneterapi	Strubes forlag	ISBN 87 7508 271 3
Lise Andersen	Soneterapi	Dreyers Forlag	ISBN 82-09-01925-2
Jørgen Frydenlund	Zoneterapi	Altene	ISBN 87-980436-0-9
Vilhelm Schelderup	ECIWO-biologi	Høyskoleforlaget	ISBN 82-7634-201-9
Yingqing Zhang	ECIWO and its application to Medicine	Shandong Science and Technology Press	ISBN 7-5331-0988-0/R.264
Yingqing Zhang (editor)	ECIWO Theory in Medicine	Higher Education Press	ISBN 7-04-004127-8/R.28
Barbara og Kevin Kunz	Soneterapi – ta hånd om helsen	N.W. Damm & Søn	ISBN 82-496-0855-0
Janne Wright	Soneterapi og akupressur	Hilt & Hansteen	ISBN 82-7413-509-1
Erik Jönsson	Fotsoneterapi	Schibsted	ISBN 82-516-0921-6
Charles Ersdal			
Bjørn Øverbye	Frisk uten piller	Hjemmenes forlag	ISBN 82-7006-171-9
MajLis Hagenmalm	Zoneterapi	ICA Forlaget	ISBN 91-534-1627-9
MajLis Hagenmalm	Zoneterapi og örtmedisin	ICA Forlaget	ISBN 91-534-0879-9
Laila Launsø	En beskrivelse af zoneterapeuters klienter	Sundhedsstyrelsens råd	ISBN 87-87905-485
Laila Launsø	En beskrivelse af zoneterapeutisk praksis i Danmark	Sundhedsstyrelsens råd	ISBN 87-87905-469
Leila Eriksen	Reflexology research in Europe – a survey 2000	RIEN	
RIEN	Fourth European Conference of Reflexology	RIEN	
Mildred Carter	Hand Reflexology	Parker Publishing Company	ISBN 0-13383612-6
Ann Lett	Reflexzonotherapy for Health and Professionals	Churchill Livingstone	ISBN 0 443 06015 0
Imre Somogyi	Reading Toes – your feet as reflections of your personality	Uitgeverij Fundament	ISBN 0 85207 310 0
Terje Horpestad	Ny kunnskap i soneterapi. Lærebok i soneterapi	Eige forlag	ISBN 978-82-997412-2-4
Ing-Marie Sundling	Zone Therapy – Reflexology	Eige forlag	ISBN 91-631-0019-3
Hanne Marquardt	Reflexotherapy of the Feet	Theime forlag	ISBN 3-13-1252412-3 ISBN 0-86577-931-7
Karl Axel Lind	Zoneterapi kompendium	Eige forlag	
William H. Fitzgerald and Edwin F. Bowers	Zone Therapy or Relieving Pain at Home	I.W. Long Kessinger Publishing	ISBN 0 7661-3291-9
Gerhard Leibold	Reflexzonen-Therapie	Falken Verlag	IABN 3-8068-4404-6
Antony Larkins Reflexology Booklist	http://www.anthonylarkin.com/book-list/		